



Møre og Romsdal
fylkeskommune

Møteinkalling

Utval: Yrkesopplæringsnemnda
Møtestad: 102 Fylkeshuset, Molde
Dato: 30.04.2018
Tid: 10:30

Forfall skal meldast til utvalssekretær Ann Torill Vaksvik, tlf 712 80157 eller politikk@mrfylke.no, som kallar inn varamedlem. Varamedlemer møter difor berre etter eiga innkalling.

Folkevalde, både medlemer og varamedlemer, plikter å møte jf kommunelova § 40 nr. 1, med mindre det ligg føre gyldig forfall. Grunn til forfallet skal difor opplystast.

Den som ønskjer å stille spørsmål om sin habilitet i ei sak jf forvaltningslova § 6 og kommunelova § 40 nr. 3 skal melde inn dette til utvalsekretæren eller juridisk avdeling i god tid før møtet. Dette også grunna eventuell innkalling av varamedlem jf forvaltningslova § 8 3.ledd.

Orientering:

- Nyskapande integreringsarbeid
- Oppfølging av sak om rådgjevartenesta i skolen
- Samfunnskontrakten - Status

| Saksnr | Innhald | Uoff |
|---------------|--|-------------|
| YN-7/18 | Søknad - oppstart av fag innan Caravan | |
| YN-8/18 | Likestillingsarbeid - Prosjekt "Jenter og elektrofag 2018 - 2020" | |
| RS-6/18 | Inntak av elevar med fortrinnsrett og individuell vurdering for skoleåret 2018/2019 | |
| | Godkjenning av protokoll | |



Møre og Romsdal
fylkeskommune

saksframlegg

| | | |
|------------|------------|---------------------|
| Dato: | Referanse: | Vår saksbehandlar: |
| 12.04.2018 | 48226/2018 | Rune Solenes Opstad |

Saksnr **YN-7/18** **Utval** Yrkesopplæringsnemnda **Møtedato** 30.04.2018

Søknad – eventuell oppstart av caravanTeknikar

Bakgrunn

Caravanbransjen, med Kroken Caravan på Åndalsnes i spissen, ser eit framtidig behov for ei utdanning retta mot ein bransje som stadig er i vekst. Adm. dir. i Krokengruppen, Pål Ragnar Amundsen, tok kontakt med Rauma videregående skole for å undersøke moglegheita for eit nytt tilbod ved skolen.

Per i dag er det inga utdanningsretning som spesielt er retta mot denne bransjen, imidlertid er det mykje internopplæring, som både er kostbar og av varierande kvalitet.

Kroken Caravan har tett kontakt med produsentar, forhandlarar og serviceverksted. Dei er stor i Noreg innan eige segment og har fleire forhandlarar og servicesentre i si portefølje.

Årsmøtet i NCB – Norges Caravanbransjeforbund – med rundt 100 forhandlarar tilstades, blei presentert utdanningsforslaget av Pål Ragnar Amundsen. Dette blei godt mottatt og forbundet stiller seg bak det vidare arbeidet.

NCB har i sin strategiske plan for 2016 – 2018 som første punkt i prioriterte arbeidsområder i perioden:

«Kompetanseutvikling gjennom etableringen av en i første omgang bransjegodkjent fagutdannelse som caravanmekaniker..»

Kroken Caravan og Rauma videregående skole har etter vedtaket hatt samarbeidsmøter, og kome fram til følgande:

*Fagnemninga skal vere caravanTeknikar, sjølvé bilmekanikarfaget skal ikkje vere ein del av denne fagutdanninga.

*Det blir jobba for eit fagbrev.

*Faget skal i hovudsak ha sitt utspring frå VG 1 elektro, der deler av YFF (fordjupning) kan bli tatt i bedrift.

*Vg 2 tilbodet er foreslått til å vere «VG 2 Bobil og caravan»

*Skolen tenker dette som eit landslinetilbod.

*Bransjen forpliktar seg til å ta imot utplasseringselever og lærlingar.

*Utdanningsbehov er 1 klasse pr. år (i oppstartsfasen). Behovet vil vere minimum 25 elevar med tanke på alderssamsetninga i dagens arbeidsstokk.

*Bransjeforbundet NCB er ein viktig aktør i utviklinga av dette fagtilbodet.

Utdanninga skal rette seg mot bo-delen – som til dømes har VVS, elektrisk, gass, interiør/møbel som delar av eit kompetansebehov.

Samtidig er dette heile tida arbeid mot kundar/menneske og serviceyting. Kombinasjonen håper dei kan være bra for kjønnsfordelinga i utdanninga.

I følgje bransjen sjølv vil det vere nok læreplassar i faget.

Vurdering

Før ein kan gå vidare i handsaminga i saken må den innom faglig råd for elektrofag. For at faglig råd i det heile tatt kan vurdere saka må dei ha eit positiv vedtak i Yrkesopplæringsnemnda. Derfor blir saka no lagt fram for nemnda.

Forslag til vedtak:

Yrkesopplæringsnemnda støttar arbeidet med å utforme ei fagutdanning innan caravanteknikar ved Rauma videregående skole.

Ottar Brage Guttelvik
fylkesrådmann

Erik Brekken
fylkesutdanningssjef



Møre og Romsdal
fylkeskommune

saksframlegg

| | | |
|------------|------------|---------------------|
| Dato: | Referanse: | Vår saksbehandlar: |
| 12.04.2018 | 48262/2018 | Åse Vatne Riksfjord |

Saksnr **Utval** **Møtedato**
YN-8/18 Yrkesopplæringsnemnda 30.04.2018

Likestillingsarbeid - Prosjekt "Jenter og elektrofag 2018 - 2020"

Bakgrunn

Det er eit stort behov for kandidatar innan elektrofag, både som handverkarar og som elektro-ingeniørar. 60 prosent av dei som tek høgare utdanning i Norge er kvinner, og berre 5 prosent av elektro-lærlingane er kvinner. Det er ei kjent sak at dei beste ingeniørane er dei med fagbrev. Her har vi ei stor utfordring og eit stort potensiale for å få fleire kvinnelege elektroingeniørar med fagbrev.

I praksis vel jenter og gutar svært kjønnstradisjonelt og arbeidsmarknaden er fortsatt prega av sterk kjønnsdeling sjølv om dei i prinsippet kan velje fritt den utdanninga og det yrket dei sjølv ønskjer. Dei einkjønna utdanningane og yrka er ein av dei største utfordringane for det aktive likestillingsarbeidet framover og representerer difor ei sentral demokratisk utfordring for skolen.

Tradisjonelle førestillingar om kvinner og menn lever i beste velgåande i biletet ungdommen har av kva mulegheiter dei har.

Alle skal velje det dei har lyst til. Det som er viktig å tenkje på, er at det elevane har lyst til heng oftast saman med kva dei veit noko om og kva dei definerer som mulegheiter for seg sjølv. Å gjere elevane bevisst på den kjønnssegregerte arbeidsmarknaden handlar ikkje om å presse fleire til å velje utradisjonelt, men å opne opp valhorisonten slik at dei blir meir bevisst på det dei faktisk har mulegheit til å velje.

Vurdering

Møre og Romsdal fylkeskommune kan ta utgangspunkt i dette og starte eit prosjekt der det blir arbeidd med å få fleire jenter til å velje elektrofag og setje ressursar inn på å opplyse jenter på ungdomsskolen kva mulegheit dei har. Rådgivarar og lærarar er sentrale personar som kan vere ei målgruppe å samarbeide med. Det handlar om at fleire skal få eit arbeid dei trivst med og eit arbeid der dei har noko å bidra med.

Jenter har mykje å bidra med i elektrofag, ikkje minst med tanke på arbeidsmiljø. Det er inga hindring i å vere jente i eit elektrofag. Mange tenkjer på at det vil vere tunge løft, men det er fleire tyngre løft for ein helsearbeidar enn for eksempel ein elektrikar. Jenter som har lyst å velje utradisjonelle yrker seier at dei er redde for å bli einaste jente. Ved å få opp andelen jenter i dei utradisjonelle yrka vil ikkje det vere eit problem.

Innan elektrofag vil det komme nye fag i programmering og robotteknikk. Alt dette nye er det viktig å få kanalisert ut til framtidige 10-klassingar og det er spesielt viktig at jenter blir brukarar av den nye teknologien som kjem i nær framtid.

Ved å få i gang dette prosjektet og engasjere ein person i ei 20 prosent stilling over 2 år, har vi god mulegheit til å drive målretta arbeid ut mot både skole og

næringsliv. Utdanningsavdelinga ser for seg at prosjektet gjennomførast i Nordmøre og romsdalsregionen.

Forslag til vedtak:

Møre og Romsdal fylkeskommune startar prosjekt «Jenter og elektrofag 2018-2020» frå 1. august 2018. Prosjektet skal halde fram i 2 år. Når 2 års perioden er omme, kan ein måle effekten av tiltaket mot sunnmørsregionen som ikkje deltek i prosjektet.

Erik Brekken
fylkesutdanningssjef

Bjørnar Loe
seksjonsleiar



Møre og Romsdal
fylkeskommune

■ rundskriv nr. 5/18

| | |
|---------------------|--------------------------|
| Frå: | Til: |
| Utdanningsavdelinga | Dei vidaregåande skolane |
| Dato: | Ref: |
| 06.04.2018 | 45063/2018/A40 |

Inntak av elevar med fortrinnsrett og individuell vurdering for skoleåret 2018/2019

Dette er ei liste over søkerar som har fortrinnsrett og som er individuelt vurdert inn i inntak til vidaregående opplæring skuleåret 2018/2019.
Inntakslista gjeld elevar som har fortrinn i inntaket etter §§ 6-15, 6-17 (Vg1) eller 6-30 (Vg2 og Vg3), 6-18 (Vg1) eller 6-31 (Vg2 og Vg3) og 6-19 (Vg1) eller 6-32 (Vg2 eller Vg3).

Det gjeld også dei søkerane som er individuelt vurdert inn i inntaket etter §§ 6-22 (Vg1) og 6-35 (Vg2 og Vg3) og dei som får godkjent søknad om utvida tid, 4./ 5.år, etter opplæringslova §3-1, femte ledd.

Utdanningsavdelinga har sendt brev med svarslipp og tilbod om skoleplass til desse søkerane, svarfrist er sett til 18.april 2018.

Skolane **skanner inn** enkeltvedtak om rett til spesialundervisning i opplæringsmappa i Ephorte for desse elevane innan 15.06.18. Sjå årshjulet i Informasjonsheftet.

Kodar på inntakslista:

Skole og tilbodsinformasjon

Dei øvste linene viser namn og nummer på skole og namn og nummer/ kode på utdanningsprogram/ programområde

Personalia

Heilt til venstre på lista er søkerane merka med kva type rett dei har:

U=ungdomsrett, I=ikkje rett, F=fullføringsrett, V=vaksenrett.

Refnr. viser til det referansenummeret som søkeren har på inntaksprogrammet VIGO.

Fødselsnr. viser fødselsdato og personnummer (11 siffer). Vidare kjem namn, adresse og telefonnummer.

Kom

Viser til kommunenummeret til søkeren. Alle søkerar frå Møre og Romsdal har kommunenummer som startar med 15.

Avgjevar

Viser avgjevarskolen og avgjevarkurset søkeren går ut frå skoleåret 2017/ 2018.

1. Til dømes ein elev som dette skoleåret går ut frå restaurant og matfag Vg1 ved Kristiansund vidaregåande skole er merka 15012 RMRMF1---, der 15 er fylkesnummeret, 15012 er skolenummeret til Kristiansund vgs og RMRMF1--- er utdanningsprogramkoden til Restaurant og matfag vg1
2. Avgangselever frå grunnskolen har avgjevarkode Td 15577 GSGSKO----. 15577 er skolenummeret til Åndalsnes ungdomsskole og GSGSKO----er koden for grunnskolen.
3. Søkerar frå OT har fem siffer frå nr 15215 (Kristiansund) til 15263 (Vanylven) og

står med årsakskode for eksempel OESL (Elev som har sluttat)

4. Det er ein liten x mellom avgjevarskolen og avgjevarkurset, dersom avgjevarskoleåret ikkje er inneverande skoleår

MOR

Dette er ein kode som viser kva morsmål minoritetsspråklege søkerarar har (kvart språk har sin talkode)

V

Dette er vedtakskodar for søkerar med fortrinn og individuell vurdering

FS= Fortrinn særskilt utdanningsprogram, §6-15

FF= Fortrinn sterkt nedsett funksjonsevne; §6-17 (Vg1) og §6-30 (Vg2 og Vg3)

FT= Fortrinn opplæring i teiknspråk, §6-18

FU= Fortrinn utvida tid, vedtak om utdanningsprogram over 2 år §6-19 (Vg1) eller programområde over 2 år §6-32 (Vg2 eller Vg3)

M = godkjent søknad om utvida tid (4. og 5.år) Jf opplæringslova §3-1, femte ledd

SM= Spesialundervisning, manglar vurdering med karakter, §6-22 (Vg1)

SG= Spesialundervisning, manglar vurdering med karakter, §6-36 (Vg2og Vg3)

Fs1

Framandspråk eller språkleg fordjupning i grunnskulen. For dei fleste elevane i fylket er det enten T for tysk, F for fransk eller S for spansk eller FE for fordjupning i engelsk.

Fs2

Ønska framandspråk på Vg1 studiespesialisering.

E82

Ønska framandspråk på Vg1 studiespesialisering,

1 2 3 4 5 6 7 8 9 10

Dette er eit internkodefelt som vi på Utdanningsavdelinga har definert sjølv. Nokre er til internt bruk for Utdanningsavdelinga, men det er likevel viktig at skolane veit om at:

U i første posisjon tyder at søkeren har lagt ved skjema for minoritetsspråklege søkerar

Ø

Kva ønskenummer dette kurset er på søkeraden.

V =Statusmelding

O: Ordinær søker

T: Søker som har sendt inn melding (B-skjema) om vanske som skolen bør vite om

Tilbod

På inntakslistene står dato for inntaket

Med helsing

Erik Brekken
fylkesutdanningssjef

Geir Løkhaug
seksjonsleiar

Gjenpart:
Fylkesrådmannen
Fylkesordføraren
Lærarorganisasjonane
Utdanningsutvalet
Yrkesopplæringsnemnda

Godkjenning av protokoll